

Prosjektplan

Velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane fase 4 – Spreiing steg for steg

1. Bakgrunn og behov

I Norge, som i andre vestlege land, har velferdsteknologi fått vesentleg auka merksemd dei siste åra. Interesse er særleg knytt til ein venta auke i tal på personar med behov for pleie- og omsorgstenester, utan tilsvarende auke i helsepersonell. Velferdsteknologi er ei av løysingane som skal gjere helse- og omsorgssektoren i stand til å oppretthalde kvaliteten på tenestene i åra framover.

Som illustrasjon på kva type gevinstar som kan ventast frå auka satsing på velferdsteknologi, nemner *Andre gevinstrealiseringsrapport* (Melting, 2017) frå det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet som døme Lindås kommune, som har redusert institusjonsbasert omsorg frå 45 % i 2011 til 39 % i 2015. Grimstad kommune reknar med at innføring av digitalt tilsyn på natt vil gi ei unngått kostnad på 1.370.000 kr per år.

Som døme frå S&Fj. har Årdal kommune starta arbeidet med å trygge personar med demens i eigen heim med teknologi, noko som kan *utsetje behov for institusjon* med ein prislapp på ca. 83.000 kr per månad. I Gloppen gjer digitale medisindispenserar brukarar sjølvhjelpen og *sparer heimetenesta for heimebesøk*. Med lange avstandar gir det raskt konkret effekt. Ein norsk gjennomsnittskommune vil ifølge *Ny Analyse* kunne frigjere driftskostnader på rundt 25 mill. kroner årleg allereie i 2030, ved endring av tenester og innføring av teknologi (NOU, 2016:3). Sjølv om berre to av 26 kommunar i S&Fj. når opp til *gjennomsnittet* i folketal, vil det også her i fylket vere store innsparingar å hente, truleg i storleik fleire titals millionar innan få år.

Nasjonalt velferdsteknologiprogram produserer tilrådingar, verktøy og tenestemodellar for å hjelpe kommunar i prosessen med å innføre velferdsteknologi i pleie- og omsorgstenestene. Ingen kommunar frå Sogn og Fjordane har delteke i det nasjonale prosjektet, men det har likevel vore aukande aktivitet på dette feltet, med fylkesprosjektet "*Velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane*" som ein sentral drivar, kunnskapsformidlar og organisator. Denne satsinga støtta av Fornyingsmidlane hjå Fylkesmannen har vorte det heilt nødvendige kunnskapsnettverket og råmeverket for systematisk mobilisering, utvikling og ei begynnande spreiiing av velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.

Evalueringane i fylkesprosjektet visar at målet om å integrere velferdsteknologi er godt forankra både i politisk og administrativ leiing, og det er stor vilje til å arbeide med dette i kommunane i fylket. Samtidig har vi gjennom dei tre føregåande fasane erfart at det ikkje alltid er slik at dei små kommunane i Sogn og Fjordane får den støtta dei treng i verktøya og tenestemodellane som er utvikla gjennom pilotaktivitet i store kommunar, slik desse dominerer det nasjonale velferdsteknologi-programmet. Det finst ei rekkje regionale strukturar og føresetnader for kommunane i S&Fj som må takast i betraktning ved implementering og spreiiing av velferdsteknologi. Gjennom fylkesprosjektet har vi etter kvart opparbeidd brei erfaring og kompetanse som gjer at vi no kan begynne å tilrå "spreiiing" og "utrulling" av velferdsteknologiske verktøy og teknologiar på ein systematisk måte, og med ein handterbar risiko for kommunane.

2. Hovedmål og delmål

Prosjektet har som hovedmål å vidareføre det felles arbeidet med kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget for planlegging og implementering av velferdsteknologi i pleie- og omsorgstenesta i alle kommunane i Sogn og Fjordane, og starte spreieing steg for steg.

I fase 3 av fylkesprosjektet var målet å føre pilotkommunane fram til dei første operative løysingane, ved å bygge på nasjonale tilrådingar, trygge teknologiske val gjennom den samla erfaringa vi hadde oppnådd i Sogn og Fjordane. Vi er no i hamn med denne fasen, og hovedarbeidet i fase 4 er å auke *spreiing og systematisk implementering* av dei løysingane vi har gode erfaringar med i fylket. Vi skal bygge vidare på nasjonale tilrådingar, samtidig som konkrete løysingar må baser seg på kunnskap og erfaring frå S&Fj om regionale føresetnadene som pregar kommunane i fylket. Fase 4 skal dermed vidareutvikle og utarbeide konkrete tilrådingar som vil bli spreidd til alle kommunane i fylket.

Hovedmålet blir konkretisert og operasjonalisert gjennom følgjande 4 konkrete delmål:

- Kartlegging av status, planar og barrierar hjå alle 26 kommunar og andre sentrale samarbeidspartnarar som Helse Førde, NAV og Alarmsentralen i Florø
- Definerings av ansvar, rollar, prosedyrer og retningslinjer for samhandling mellom Alarmsentralen S&Fj og kommunane
- Vidareutvikling av regionale retningslinjer for spreieing av konkrete teknologiske løysingar
- Spreieing av grunnleggande verktøy for systematisk implementering av velferdsteknologi til alle dei 26 kommunane

Delmåla er grunnlagt for tilsvarande hovedaktivitetar, tidsplan og budsjett.

Målgrupper for prosjektet er både kommunar og ulike brukargrupper for velferdsteknologi.

3. Hovedaktivitetar

Delmåla er grunnlaget for kvar sin hovedaktivitet organisert som ei eiga arbeidspakke. I tillegg er det ei arbeidspakke knytt koordinering og prosjektleiing.

Arbeidspakke 1:

Kartlegging av status, planar og barrierer blant kommunar og andre sentrale samarbeidspartnarar i Sogn og Fjordane

Innhald:

Ei første kartlegging av statur og planar med velferdsteknologi vart gjort for kommunane i S&Fj i 2014. Den viste at ingen kommunar hadde kome skikkeleg i gang, men mange var i "startgropa". Sidan den gong har mykje skjedd i mange kommunar, teknologien er komen vidare, nasjonale tilrådingar har kome, og det er nødvendig å skaffa oppdatert informasjon for å kunne tilpasse innsatsen i fylkesprosjektet til behova i fylket. Arbeidspakka omfattar ei kartlegging av kva som er status, ambisjonar og konkrete flaskehalsar for vidare implementering av velferdsteknologi i 2017 for kommunane. I tillegg er det nødvendig å kartlegge status og aktivitet blant sentrale aktørar, som Alarmsentralen, NAV Hjelpemiddelsentral S&Fj og Helse Førde, for å klargjere arbeidsområde, rollar og muleg samarbeid.

Aktivitetar:

- Utvikling av opplegg for kartlegging
- Gjennomføring av kartlegging i alle 26 kommar og samarbeidspartnarar
- Oppsummering og rapport.

Deltakande kommunar:

Alle deltek i undersøkinga.

Hovudansvar for gjennomføring: VF i samarbeid med Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester (USHT) og Flora og Førde kommunar.

Arbeidspakke 2:

Ansvar, roller, prosedyrar og retningsliner for samhandling mellom Alarmsentralen i Sogn og Fjordane og kommunane

Innhald:

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er eit interkommunalt (IKS) eigd av 24 av kommunane i Sogn og Fjordane. Alarmsentralen vart i si tid oppretta for å ta seg av brann, redning (ulykker) og akutte forureinings-situasjonar for desse 24 kommunane. Rundt år 2000 starta dei opp arbeidet med å planlegge for også å kunne tilby kommunane mottaksteneste knytt til tryggleiksalarmane som kommunane plasserte ut hjå eldre og hjelpetrengande. Den første av kommunane som gjekk over til å nytte Alarmsentralen som mottak for tryggleiksalarmane var Bremanger kommune. Og den siste av dei 24 kommunane som vart knytt opp var Naustdal frå 2014. Sidan denne utviklinga starta har ein ny generasjon med digitale tryggleiksalarmar vorte standard, og med desse eit aukande utval av sensorar som og kan koplast på det same systemet. Alarmsentralen er difor i ferd med å få ei ny rolle i relasjon til kommunane sine pleie- og omsorgstenester, der velferdsteknologi står i sentrum. Dei har og oppretta ei ny stilling med dette som ansvarsområde.

Alarmsentralen S&Fj er med andre ord sentral for kommunane i S&Fj si satsing på velferdsteknologi. Teknologiske løysingar vert distribuert av Alarmsentralen, men kva slags løysingar kan og bør Alarmsentralen tilby? Kven skal ta imot signala og alarmane? Kan og skal dei loggførast i pasientjournalen? Og kan alarmane kommunisere med dei ulike fagsystema som kommunane bruker? Kven utfører teknisk assistanse når ein sensor ikkje fungerer, og kven i kommunen skal ha kompetanse om teknologien? Dette er nokre av spørsmåla som må utgreiast på regionalt nivå for å avklare korleis kommunane skal samhandle med Alarmsentralen. Samstundes må det utgreiast korleis kommunane skal handtere alarmsignal internt i kommunen.

Det er i praksis umogeleg for kommunane i Sogn og Fjordane å gå vidare i arbeidet med innføring av velferdsteknologi før desse spørsmåla er avklara, ettersom digitalt tilsyn og tryggleikspakkar som Alarmsentralen kan tilby utgjer ei grunnmur for etablering av velferdsteknologi.

Arbeidet vil bidra til å etablere retningsliner for samhandling mellom Alarmsentralen i S&Fj og kommunane i fylket som tek omsyn til både Alarmsentralen og kommunane sine perspektiv. Både brukarar og pårørande må takast omsyn til i arbeidet. Retningslinene blir spesifisert ut frå arbeidet med eit verktøysett i form av eit *flytskjema for handtering av alarmsignal frå digitalt tilsyn*. Det ferdige verktøyet vil vere grunnlaget for spreiding til kommunane i arbeidspakke 4.

Aktivitetar:

- Dialogmøter mellom dei deltakande partane, altså kommunar, Alarmsentralen, NAV, Helse Førde, arbeidsgruppa i IT-forum, samt pårørande og brukar-representantar.
- Oppsummering i rapport som viser grunnlaget for verktøyet som vert utvikla

- Ferdig utvikla verktøy i form av *flytskjema for handtering av alarmsignal frå digitalt tilsyn* som er klar for spreing.

Deltakande kommunar: Flora (leiar), Eid, Førde, Sogndal

Arbeidspakke 3:

Vidareutvikling av regionale retningsliner for spreing av digitalt tilsyn, sjuke-signalanlegg og lokaliseringsteknologi

Innhald:

Det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet har gitt ut to "Gevinstrealiseringsrapportar" der dei kjem med konkrete tilrådingar og oppfordringar til kommunane om å starte med nokre velferdsteknologiske løysingar, slik som digitalt tilsyn (som er sensorteknologi eller passiv varsling), lokaliseringsteknologi (som GPS for sporing av personar med demens som vandrar), og sjuke-signalanlegg for varsling i institusjonsbasert omsorg og elektronisk medisineringsstøtte (digital medisindispensar som varslar om tid for medisin).

Alle desse teknologiske løysingane har vore viktige i føregåande fasar av Fylkesprosjektet for velferdsteknologi. På nokre av områda har vi allereie byrja å evaluere aktivitetar knytt til desse. I denne arbeidspakka vil vi hauste av desse erfaringane og vidareutvikle regionalt forankra retningsliner for innføring av velferdsteknologi. Erfaringar frå fylkesprosjektet visar at sjølv om det er vilje til å innføre velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane, er det også nokre regionale føresetnader som kan gjere det problematisk å overføre ein blåkopi av dei nasjonale retningslinene, slik dei er utvikla gjennom erfaringar gjort i store by-kommunar. Vi har sett at dei små kommunane i S&Fj har behov for retningsliner som tek omsyn til utfordringar som er annleis enn det store bykommunar erfarer. Dei regionalt forankra retningslinene som vil bli utvikla gjennom ein "living lab"-metodologi i prosjektet (slik som spesifisert i EU-prosjektet IMPROVE). Arbeidspakka vil halde seg tett på dei tilrådingar som vert gitt gjennom Nasjonalt velferdsteknologiprogram (Melting 2017), samstundes som dei tek omsyn til regionale føresetnader. Vi vil og samarbeide med IMPROVE-prosjektet.

Aktivitetar:

- Innhente kunnskap om tekniske og organisatoriske utfordringar, barrierar, drivarar og løysingar kommunar i fylket har funne for dei nemnde teknologiske løysingane gjennom møte med og mellom kommunar;
- Etablere konkrete døme på gevinstrealisering – altså kva gevinstar i form av spart tid, unngåtte kostnader og auka kvalitet på tenestene – kommunar i fylket kan vise til;
- Bygge opp den dokumentasjonen som er nødvendig for å forankre ei spreing av digitalt tilsyn, sjuke-signalanlegg, medisineringsstøtte og lokaliseringsteknologi utfrå dei regionale føresetnadene som er i Sogn og Fjordane.

Deltakande kommunar:

Hovudkommunane vil vere dei kommunane som har fungert som pilotar i tidlegare fasar av fylkesprosjektet, men det er også aktuelt å invitere fleire kommunar til å gi innspel og råd etter resultat av kartlegginga i arbeidspakke 1. Følgjande kommunar deltek:

- Digitalt tilsyn: Årdal og Jølster
- Sjuke-signalanlegg: Flora, Eid, Stryn og Sogndal
- Medisineringsstøtte: Gloppen
- Lokaliseringsteknologi: Førde, Fjalar og Hornindal
- Ei muleg samarbeid med Helse Førde: Eid
- Dokumentasjon og rapportering: Vestlandsforskning og USHT

Arbeidspakke 4:

Spreiing av grunnleggande verktøy for systematisk implementering av velferdsteknologi gjennom regionale seminar

Innhald

Spreiing av verktøy for å planlegge implementering av velferdsteknologi til alle kommunane. Dette delmålet har form av ei "spreiing/utrulling" av fire ulike verktøy vi ser som grunnleggande og nødvendige for systematisk implementering av velferdsteknologi i kommunane i S&Fj.:

1. gevinstrealisering som planleggingsverktøy for å måle effektar av velferdsteknologi,
2. flytskjema for handtering av alarmsignal
3. sett av tilrådingar for innføring av konkrete velferdsteknologiske løysingar basert på nasjonale retningsliner og tilpassa gjennom regionale erfaringar,
4. rutiner for brukarinvolvering i tildeling og design av helsetenester med velferdsteknologi.

Alle verktøya vil vere basert på tilrådingar som kjem frå Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Først rådet om å bruke gevinstrealisering som rammeverk for å arbeide med velferdsteknologi, kombinert med dei erfaringane vi har frå dette verktøyet frå pilotkommunane i fase 3. Det andre verktøyet, flytskjema for alarmsignal, er dels ei synleggjering av forholdet mellom Alarmsentralen og kommunane i handtering av alarmer, men det er også tett assosiert med verktøy for å vurdere "tenestereiser" med brukaren i sentrum frå det nasjonale programmet. Tilrådingar med regionale tilpassingar vidareformidlar dei erfaringane som er hausta i Sogn og Fjordane, medan siste punkt er basert på arbeid med brukarinvolvering dels i samarbeid med EU-prosjektet IMPROVE (- Involving the community to co-produce public services).

Aktivitetar:

- Utarbeide eit seminarprogram med tilhøyrande materiale for å formidle og trene kommunane i verktøya som vert lagt fram.
- Gjennomføre seminar i tre regionar: Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Deltakande kommunar:

Arbeidsgruppa i fylkesprosjektet har hovudansvar for gjennomføring
Alle kommunane i Sogn og Fjordane vert inviterte til seminara.

Arbeidspakke 5:

Prosjektleiing og vidareutvikling av den fylkesbaserte strukturen for felles kunnskapsutvikling

Innhald

Arbeidspakka skal føre vidare og vidareutvikla det felles nettverket og råmeverket som no er utvikla steg og steg og utgjer fundamentet for spreiiing av velferdsteknologi i fylket.

Nettside for formidling av kunnskap, erfaring, aktivitet blir vidareført,

Vidare er det viktig å delta på nasjonale arenaer og arbeide for at Sogn og Fjordane får ein rolle i framtidige nasjonale aktivitetar.

Arbeidspakka skal også stå for nødvendig administrativ og økonomisk koordinering og rapportering.

Delaktivitetar

Prosjektleiing, formidling både på nett og i seminar, besøk til andre regionar, deltaking på nasjonale arenaer og oppsummering.

Ansvarleg:

Arbeidsgruppe for velferdsteknologi i IT-forum S&Fj (sjå nedanfor under organisering).

Vestlandforskning er ansvarleg for rapportering.

Deltakarar:

Alle kommunane i Sogn og Fjordane.

4. Tidsplan

Planlagde prosjektstart er 1. mai 2017. Prosjektet skal vere oppsummert og ferdig i mars 2018.

Tidsplan og veksling mellom arbeidspakkene er vist i figuren nedanfor.

| | 2017 | | | | | | | | 2018 | | |
|----------------|------|------|------|--------|------|-----|-----|-----|------|-----|------|
| | Mai | Juni | Juli | August | Sept | Okt | Nov | Des | Jan | Feb | mars |
| Arbeidspakke 1 | x | x | x | | | | | | | | |
| Arbeidspakke 2 | x | x | x | | | | | | | | |
| Arbeidspakke 3 | | | | x | x | x | x | | | | |
| Arbeidspakke 4 | | | | | | | | x | x | x | |
| Arbeidspakke 5 | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x | x |

5. Organisering

Prosjektet blir organisert tilsvarende som i dei tidlegare fasane. Denne organiseringa har fungert godt, har utvikla eit breitt samarbeid i heile fylket og har sikra god forankring i alle relevante organisasjonar.

Styringsgruppe

Styret i IT-forum er styringsgruppe. Rådmann i Flora Terje Heggheim (prosjekteigar) er styremedlem i IT-forum S&Fj og han er samtidig leiar i rådmannsgruppa i KS.

Styret i IT-forum består elles av: Gunnar Hæreid, Fylkesmannen

S&Fj (leiar), Erik Kyrkjebø, HiSF, Gunn Åse Moldestad, Spareb S&Fj, Arne Myrekrok, SFE Erik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet og Paal Fosdal, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Prosjektgruppa

Prosjektgruppa tilsvarende IT-forum si arbeidsgruppe for velferdsteknologi, som inkluderer USHT Førde kommune v/Marta Strandos, Flora kommune v/Kari Støfringsdal, Eid kommune v/Anne Ruth Botn Bjørlo, Gloppen kommune v/Anita Lothe, Eid vidaregåande skule v/Ove Bjørlo, NAV Hjelpemiddelsentral S&Fj v/Liv Husabø, Fylkeslegen v/Beate Tollefsen, Høgskulen i Sogn og Fjordane v/Joanna Galek, Vestlandsforskning v/Hilde G. Corneliusen, IT-forum/sekretariat v/Ivar Petter Grøtte. Helse Førde er og invitert.

Tematiske arbeidsgrupper

Prosjektet vil i tillegg til Prosjektgruppa spesifisert ovanfor, ha egne arbeidsgrupper som er ansvarlege for gjennomføringa av kvar arbeidspakke.

Referansegruppe

Rådmannsgruppa i KS i Sogn og Fjordane + det vil bli halde kontakt med aktuelle miljø utfor fylket som har særlig relevante kunnskapar og erfaringar for prosjektet

6. Formidling

Formidling frå prosjektet er viktig både for å mobilisere alle kommunane i fylket, sikre god forankring og sikre at prosjektet blir kjend av tilgrensande aktivitetar både i fylket og nasjonalt. Formidling er planlagt etter gode erfaringar frå dei tidlegare fasane:

Den breie forankringen i IT-forum S&Fj, USHT og i alle kommunane gir tilgang til eit breitt sett av formidlingskanaler og arenaer:

- KS rådmannsgruppa & KS-konferansar
- kommunekonferansar hjå Fylkesmannen i S&Fj
- Næringsdagane i Sogn og Fj, inkl "IT-forum-dagen" og haustmøtet til IT-forum
- Styret og arbeidsgrupper i IT-forum
- Aktuelle nasjonale fora der Sogn og Fjordane no også er representert med Flora og Eid kommune.
- Media både lokalt, regionalt og nasjonalt
- Internasjonalt gjennom Improve-prosjektet (Finland, Sverige, Island, Irland og UK)

Prosjektet gjennomfører egne evaluerings- og dokumentasjonsopplegg for alle aktivitetar og for den felles kunnskapsarenaen. Samla resultat blir presentert på avslutningskonferansen i slutten av året. I fase 4 vurderer vi å ha ein slik kvar av dei tre regionane.

7. Budsjett

Tabellen viser totalbudsjett for hovedaktiviteter, delaktiviteter og utlegg. Prosjektet søker om 50% tilskott frå Fornyingsmidlane, kr 755.000.

| Aktivitet (arbeid) | K Delkostnad | Totalkost |
|---|---------------------|------------------|
| 1. Kartlegging av status, planar og barrierer | | |
| Opplegg, spørjeundersøking | 20 000 | |
| Kartlegging kommunar, alarmsntr, NAV, HelseF mm. | 80 000 | |
| Oppsummering / rapport | 60 000 | |
| | | |
| 2. Ansvar, roller, prosedyrer respons/kom | | |
| Dialogmøter i 3 regionar | 260 000 | |
| Oppsummering / rapportering | 50 000 | |
| Flytdiagram som verktøy og eksempel | 30 000 | |
| | | |
| 3. Vidareutvikling av regionale retningslinter | | |
| Innhente kunnskap | 80 000 | |
| | | |
| Etablere døme på gevinstrealisering i kommunar | 185 000 | |
| Dokumentasjon for spreieing | 100 000 | |
| | | |
| 4. Spreieing verktøy til alle kommunar | | |
| Utvikling av opplegg og organisering | 80 000 | |
| Regionale arrangement x 3 regionar | 210 000 | |
| | | |
| 5. Prosjektleiing og nettverk | | |
| Øk. og adm rapportering | 30 000 | |
| Representasjon på nasjonale areaner.. | 100 000 | |
| Sum arbeid | | 1 285 000 |
| | | |
| Utlegg | | |
| Reiser for felles | 115 000 | |
| Møte og seminar for felles | 80 000 | |
| Diverse (støttetenester, etc) | 30 000 | |
| Sum utlegg | | 225 000 |
| | | |
| Sum total | | 1 510 000 |